

Museumssenteret i Hordaland
avd. Havrå
5286 Haus
tlf. 56390290/95914742

Hordaland fylkeskommune
v/kultur- og idrettsavd.
Postboks 7900
5020 Bergen

Havrå 15/11 2016

Dykkar ref.:

Vår ref.: MAJ

Rapport om bruk av tilskot til kulturlandskapstiltak 2016

Me er svært takksame for løyvinga me fekk til arbeidet vårt med kulturlandskapet på Havrå.

Arbeid med drift, skjøtsel og forvaltning

Me har tidlegare søkt og rapportert på midlar knytt til dyrehald, åkerbruk og slått, fordi dette har vore tiltak Riksantikvaren har kunna gje støtte. Dette er framleis kjernen i gardsdrifta og skjøtselen vår, men me har også mange andre arbeidsoppgåver i tilknytning til dette som me gjerne vil gjera greie for i rapporten. Det følgjande gjeld altså for dei 3 tilsette som i all hovudsak arbeider med kulturlandskapsskjøtsel.

Me har vald å gruppera arbeidet vårt i 5 kategoriar: Slått, husdyr, åker, skjøtsel/vedlikehald og forvaltning.

Slått:

Dette omfattar det arbeidet dei fast tilsette og innleigd slåttehjelp utfører i slått, og i tillegg førebuande arbeid og etterarbeid. Gjødsling, rydding av slåttemarka, hogst, tillaging av hesjaved, vøling av hesjar, tillaging og vøling av reiskap er døme på arbeid som kjem inn under dette.

Sjølve slått tok til 20. juni, og varte til 25. juli. Me slo heile bruk 2 og 6, som me eig, og heile bruk 4, som me leigar.

Me hadde 21 innleigde slåttefolk, 4 av dei svenske ungdommar, og 16 norske ungdommar, 14 av dei lokale, samt ein frå Latvia.

Arealet som vart slått i 2016 var om lag 72 dekar, sjå vedlagte kart, og kosta alene **kr. 850 797,-**. Dette er mykje meir enn året før. Årsaka er at me mot slutten av slått hadde ledig kapasitet, og etter dialog med HFK og grunneigarane slo me deler av bruka til Kåre

Havre, Leif Havre og Frank Kjærland. Alt graset vart raka ned til vegen og gitt vekk til Eivind Hagenes.

Våren var litt for tørr i år, men når regne endeleg kom, var det i meste laget. Det var med nød og neppe me fekk inn dei siste hesjene. Hadde det ikkje vore for fire fine dagar siste veka i slåttan (inkludert helga), hadde det sett mørkt ut. Me har no fôr til å kome oss gjennom vinteren. I år hadde me fleire lokale slåttefolk enn på mange år. Utruleg flinke ungdomar, ein av dei kunne også slå med stutturv. Me har oppfordra dei til å søkje neste år også.

Hittil i år har me som er fast tilsette brukt 122 dagsverk à kr. 2 450 på slått og slåtterelatert arbeid, altså **kr. 298 900,-**.

Husdyr:

Her utgjer florsstellet i perioden oktober til mai det meste av arbeidet. I tillegg kjem gjerdearbeid, ettersyn på beite, sanking og alt anna arbeid som er knytt til husdyrhaldet. Mellom anna kosting og kalking av florane, tømning/spyling av renna, tømning og skuring av brønnane i begge florane. Me har til no Me har til no brukt 102 dagsverk à kr. 2450 på dette arbeidet, til ein kostnad på **kr.249 900,-**.



Kyr og sauer er ryggraden i den tradisjonelle vestlandsgården, og beiting er viktig skjøtselstiltak. Både med tanke på attgroing, men også for biologisk mangfald. Frå midten av mai til september/oktober beiter MuHo sin kyr og sauer her, I tillegg kyrne til Hagenes . Her frå området rundt Steinsetre, Markø.

Åker:

Me dyrkar gamle sortar av poteter og korn i vekstskifte, og inkludert her er alt arbeid frå møka vert boren ut på åkrane til kornet er malt og potetene på plass, ferdig sortert, i potetkjellaren, i tillegg til at me lagar og vedlikeheld reiskapen me brukar til dette arbeidet. Me har også hatt ein ein fær med pote på Brekka. Årsaka var at då den vart lagt att for mange år sidan, vart ikkje dette gjort fint. Me bestemte difor å spa opp på nytt, sette pote, ta pote og jamne fint til. Me sådde i med høyfrø frå løa, slik at åkeren vil frå neste år av gå inn i slåtteearealet. Me har brukt 76 dagsverk à kr. 2450 på dette til no, til ein kostnad på kr. **186 200,-**.

Skjøtsel og vedlikehald:

Dette er ein stor post som omfattar mykje av arbeidet vårt, og som både direkte og indirekte er knytt til det arbeidet Riksantikvaren har støtta. Kort fortalt meiner me her skjøtsel og vedlikehald av bygningar og landskap. Noko av det er arbeid som er planlagt, men det er forbausande mykje tid som går til uforutsette ting som dukkar opp og må handterast.



Eit parti strongar som skal verta til hesjestaur. Rette og fine. No gjenstår skaving og hoggina av den tjukkaste delen, slik at dei let seg staura. Strongane kjem frå dei nystuva styvingstrea. Bilete frå gavelveggen til Larsaløa.

I år har me styva mange av stuane på Nipo, Myra og Holmen, som høyrer til Semensbruket (bruk1). Det same gjorde me i Botnen, Gulleksbruket (bruk 6). I tillegg har me rydda vekk tre som har stått rundt stuane, slik at dei får mest mogleg plass og ljøs. Rydda vekk ein stor bjørk som hadde rovelta på Stadlane, og ei stor selje som hadde rotvelta i stia ved Timelihaugen i Udgerdet. Me tok også ein stu på Norabruket (Geir Sundal m.fl) Hadde me ikkje gjort det, ville steingarden ha rast ut. Når hogging og stuing er over, fraktar me vekk veden og brenn kvistane. Når me har rydda vekk tre, grev me jorda av røtene og steller bakken til att og sår i

der det er naudsynt. Røtene har me også fjerna, slik at staden er så godt som det let seg gjera tilbakeført til slik han var.

Mange år med manglande vedlikehald gjer at forfallet aukar, og det vert gjerne slik at me må ta skippartak for å retta det opp att. Me har gravd opp att heller i tunet, samt hellene som går til kvernhusa. Dei var heilt overgrodde. Det var heilt naudsynt å gjere dette arbeidet, då vatnet byrja å ta nye vegar og dermed får ein auka akselerasjon på skadane i landskapet. Åkeren på Strengen slapp også i år. Me bar jorda opp igjen, og har lagt eit bord i nedre kant, i håp at det vil hjelpe noko under nedbørstoppane.

Av arbeid som sto på planen i år var å lage ferdig kvernkallen til Larsakvernhuset. Hittil har me ikkje rekt det, då me har satt inn meir arbeid knytt til å rydde i og langs med Kvernbekken. Bekken som renn under alle den fem kvernhusa var no så full av stein, sand, kvist, greinar og stubber at det måtte prioriterast. Hadde det kome mykje regn på kort tid, ville det sett stygt ut både for kvernkallane og sjøve husa. Særleg ille var det under Olsakvernhuset. Storhølen hadde fleire store steinar som fylte opp hølen. No er dette retta opp, og vatnet kan renne slik det skal, utan å ta nye vegar, som igjen fører til graving og erosjon.

Me har eit enormt etterslep på vedlikehald av veiter og bekkar, så me får ta litt kvart år. Me må stadig vedlikehalda grøfter og drenering i og nær tunet, og me har brukt nokre dagar på det i år også.

Det fine haustveret gjorde at me fekk sankka mykje rotelauv. Det ligg no i lauvsvolet, og skal nyttast som underbretle til smalen gjennom vinteren.

Svalen på Gulleksbue har fått nye dekkbord og vindkjeer. I løpet av året har nokre takheller på Gulleksløa løsna. Dei er no festa og i tillegg er det lagt blekk under dei hellene det lekk frå ved mykje regn og vind. Mønekjølen har fått eit strøk med rustmaling. Ny takrenne er snart ferdig på Gullekshuset. Eit par heller er også fiksa på Litla-løa åt Larsane. På taket til Larsaløa er det lagt innunder blekk der det er naudsyn. Innvendig i Larsaløa har me lagt varegolv over siste del av golvet. Den daglege bruken av løa som verkstad, slit på det originale golvet. Det er også svært ujamt, slik at frå eit HMS – perspektiv er det ikkje tilrådeleg å arbeide under slike forhold. Gjennom denne løysinga tek me no vare på det gamle laftet som er nytta til golv, og me har betra vår eigen sikkerheit når me arbeidar med kappsag og andre farlege reiskap. Inngrepet er reversibelt. No kan verken KSL (Kvalitetssikring i landbruket) eller hovudvernombodet til MuHo ha noko å utsette på verkstaden vår. På sikt vil me også kle inn den eine delen av løa, slik at det ikkje er så kaldt vinterstid. Inngrepet er reversibelt.

Me har også i år halde fram med å plante ut frukttre. Fram til i fjor, var ikkje hjorten noko problem i høve trea. Men no har dei byrja å ete litt på dei. Me bestemte difor å sette opp eit betre gjerde rundt dei nye trea (høgare og breiare)slik at dei kan få stå i fred.

Denne lista er langt frå utfyllande, men ho viser nokre av dei største prosjekta våre. Me har brukt 170 dagsverk på skjøtsel og vedlikehald, til ein kostnad på kr **416 500,-**.

Haustingsskog er ein kulturavhengig naturtype som det er løyvd midlar til. Skogen i Bergjet er ein slik naturtype, og me har fått kr. 100 000 frå FMHO til å starte på restaureringsjobben. Arbeidet tok til i år. Det går seint, då forfallet har kome langt. Styvingstrea har blitt store, og det same gjeld trea som veks rundt dei. Arbeidet går sakte då det er snakk om store dimensjonar som skal handterast. I tillegg er sikring og sikringsutstyr viktig. Me hyra inn ein

student frå Sverige til å arbeida saman med oss. Han studerar til arborist. Ein del utstyr måtte kjøpast inn for å utføre jobben.

Forvaltning/sikring:

Herunder har me rekna mange oppgåver som me har som museum, men som ikkje nødvendigvis viser att direkte i kulturlandskapet. Delar av tunet har brannsikring gjennom utvendig sprinkling, brannslangar, brannslukkingsapparat og røykdetektorar. Dette anlegget krev jamnlege kontrollar, dokumentasjon og rapportering, og det vert halde øvingar med tilsette og orientert om instruksar til folk som besøker tunet. Ynskjet er å få sikra heile tunet utvendig og innvendig, og me arbeider vidare med dette. I tillegg vert det gjennomført jamnlege internkontrollar på det elektriske anlegget. Me arbeider også med risiko- og tryggleiksanalyse for heile Havrå. I samband med at me treng nye lukar til bassenget har me tømte det. Dei gamle lukene er alt for tunge. I tillegg vil me installere ei lita gangbru rundt bassenget, då inspeksjon vinterstid når Elvæ har fryst til en direkte farlig.

Jan Haraldseth som har hatt sikringsansvaret for Havrå i mange år er no blitt pensjonist. Rørleggerfirmaet O. Grevstad har tatt over dette arbeidet. Det har vore litt innkjøyringsproblem, og særleg gjeld dette i høve eit nytt aggregat i sprinkelanlegget. Me har vore særst opptatt av å få ein fast person/ar som har ansvaret for sikringa på Havrå. Det er ikkje fagleg godt nok om det kjem nye folk kvar gong det er noko som må fiksast eller det skal utførast kontroll av anlegget.

Også i år har me halde fram med dokumentasjon. Me har intervjuet fleire av dei gamle grunneigarane. Tema har vore til dømes barndom, ulike arbeidsoppgåver m.m. Me har tatt oss råd til å kjøpe ein datamaskin som kan handtera tyngre dokument, og me tek sikte på å kjøpe GPS. Me har no byrja på arbeidet med å lage ein database i samarbeid med Osterøy museum. I løpet av året vil me ha eit møte med KulturIT, og høyre kva som er mogleg å få til. Målet er å kome i gang i 2017 med å etablere denne databasen. Me har pr. dags dato ikkje midlar, så det vil ligge ein stor eigeninnsats i dette prosjektet. Gjennom mange år med dokumentasjonsarbeid av ulik karakter; intervju, foto, bilete, 3D, fotogrammetri m.m. ynskjer me å systematisere dette arbeidet, og gjere det tilgjengeleg.

Me har prioritert å gå opp alle kjente grenser, og prøve å finne at merker. I områda som ligg lengst vekk, er det ikkje så ofte me er, slik at det er lett å misse oversikten. Særleg er gjengroing eit stort problem. Dei gamle grunneigarane kjenner seg ikkje att, då landskapet endrar karakter. Dei gamle merkesteinane, skorpvane og andre naturlege grenseelemen vert borte. Me har satt ned pinnar for å synleggjere kor grensene går og grave fram merkesteinar som var overgrodde. Ein bør på sikt gå grensegang saman med grunneigarane. Fleire merkesteinar har lagt seg ned, nokon finn me ikkje att osv. Det er også slik at ein del grenser, gjeld særleg Slåttna, er ikkje teikna inn på økonomisk kart.

Eit anna problem som må takast på alvor er svartlisearter. Det gjeld særleg platanlønn (jmf.rapporten til J.B.Jordal). På områda som MuHo har ansvaret for klarer me å halde dei i sjakk, men hjå dei private er dei i ferd med å etablere seg i større målestokk. Langs med skråningen til Elvæ er det fullt av små platanlønn, og ei stor lønn står oppe med bassenget, samt i Skogen i Bergjet.

Eit stort prosjekt er restaurering av Øvste og Nedste Bergjaveg, samt Bekken. Midlane til arbeidet er statlege sysselsetjingsmidlar, og det var firmaet til Geir Vetti, Stifinnaren AS, som fekk tilslaget etter anbudsutlysning. Me har ikkje vore med på sjølve det praktisk arbeidet, men

me har følgd opp arbeidet, og hatt deler av prosjektlederansvaret under prosessen. Gjerdet i Neste Bergjaveg er ikkje på plass endå, då smeden ikkje er ferdig med det han skal gjere. Det er også att ein del brenning av kvist, samt at ved skal fraktast ned til tunet.

Ettersom all vår verksemd er basert på offentleg støtte etter søknad, er søknadsskriving, planlegging og rapportering eit ikkje uvesentleg innslag i vår arbeidskvardag. Me er no inne i ein prosess med utarbeiding av ny forvaltningsplan og skjøtselsplan for Havrå, der me er representert i arbeidsgruppa. I tillegg til å delta på arbeidsmøta, brukar me ein del tid på å produsera underlagsmateriale til arbeidsgruppa. I samband med dette arbeidet har biolog Jon Bjarne Jordal gjort undersøkingar i år. Me har stilt med overnatting og vore tilgjengeleg ved behov.

Me har rekna tida me brukar til fagleg utvikling inn under forvaltning. Me har vore på kurs, seminar, innspelsmøte, nettverkssamlingar og fagtur. Av særleg interesse kan nemnast turen til Romania i august. Dette var ein nettverkssamling, der Miljødirektoratet, RA og NIBIO også var med.

Til saman har me brukt 80 dagsverk på arbeid knytt til forvaltning, til ein kostnad på **kr 196 000,-**.

Brakarydding i Markjæ

Brakaryddinga har fortsatt også i år, men ikkje i same storleik som dei andre åra grunna mindre økonomisk stønad. Det er framleis Krzysztof Duplaga som gjer jobben. Det ligg att ein del kvistdungar som me vonar me kan få brent opp i løpet av året. Han har til no arbeidd for **kr. 51 600,-**.

Oppsummering:

I år fekk me tildelt kr. 1 500 000,-. Eg valde difor å kutte tiltaket rydding i Marka.

Slått, fast tilsette:	kr. 187 594,-
Slåtterelatert arbeid:	kr. 111 306,-
Slått, innleigd arbeidskraft:	kr. 663 199,- (kr 100 000 FMHO).
Husdyr:	kr. 249 900,-
Åker:	kr. 186 200,-
Skjøtsel og vedlikehald:	kr. 416 500,-
Forvaltning:	kr. 196 000,-
Haustingskog	kr. 100 000,- (FMHO).
Brakarydding:	kr. 51 600,-
Til saman:	kr. 2 222 299,-

Eg ber om at kr. 1 500 000 vert utbetalt til MuHo sin konto: 3625 19 69684.

Mvh Marit Adelsten Jensen, avdelingsleiar Havrå

Venleg helsing

Marit Adelsten Jensen, avdelingsleiar

Museumssenteret i Hordaland, avdeling Havrå.